

Nærmar oss...

Hjelp Moldova har ei djerv målsetjing:
Å rehabilitera og integrera alle svaksynte i
Moldova.

Ei stor utfordring i eit land som tradisjonelt
ikkje har hatt tru på menneske med avvik.

Ei oppgåve av enorme dimensjonar for ei
lita gruppe eldsjeler som av styresmaktene
aller nådigast har fått tildelt knappe 20
kvadratmeter å jobba ut frå.

I åresvis har vi kjempa for meir enn
skulderklapp og tomme ord. No ser det ut
til av vi er i ferd med å lukkast:

Direktøren for det moldovske rikshospitalet,
nyleg avgått helseminister, tilbyr
areal på 200 m2. Samstundes ser det ut til
at styresmaktene i løpet av nær framtid vil
inkludera synshemma i nasjonal helseplan.

Om dette går i boks, er vi betydeleg nærare
målet om at alle synshemma i Moldova kan
få hjelp. Vi er også betydeleg nærare målet
om at moldovarane sjølve kan ta ansvar for
sine synshemma.

2015 vert eit svært spennande år. Det ser
ut til at 2015 kan verta det store gjennom-
brottsåret for arbeidet vårt i Moldova.

Kåre Ness

Grieg gir 250.000

Nye 250.000 kroner frå Grieg Foundationa
sikrar drift av Synssenteret i 2015. Grieg
Foundation si støtte gjennom mange år har
vore grunnmuren i arbeidet vårt med og for
synshemma i Moldova.

200 m2 til Synssenteret

Arbeidet med å skaffa tenlege lokale for Syn-
ssenteret ser ut til å lukkast. Direktøren ved
det moldovske rikshospitalet, Republican
Hospital, stiller 200 m2 til rådvelde. Med
eit slikt areal til disposisjon kan vi få rom
for undersøking, konsultasjon og rådgjeving,
kontortenerer, venterom og lager.

Bli fast gjevar

Vi treng fleire som er villige til fast trekk på ein
sum, t.d. kr 100, i månaden. Midlane sikrar løn
til våre tilsette på Synssenteret.

Kontakt kasserar Astrid på tlf: 991 63 456

Konto nr: 3626 07 23590

Innkalling til Årsmøte 2015

Tid: 15. april 2015 kl. 18.00

Stad: Avis Strilen sine lokale i Knarvik

Sakliste:

- 1: Årsmelding 2014
- 2: Rekneskap 2014
- 3: Handlingsplan 2015
- 4: Val
- 5: Medlemskontingent
- 6: Inkomne framlegg:

Styret har laga utkast til oppdaterte vedtekter.
Utkastet vert lagt fram på møtet.

Alle med betalt kontingent har stemmerett.
Kontingenten er kr 200, og kan betalast til
konto nr 3626 07 23590. Hugs namn på gi-
roen, også når du nyttar nettbank.

Årsmelding 2014

Styret si samansetjing 2014:

Leiar: Hans B. Bakketeig

Nestleiar: Åse Hundvin, på val

Skriver: Kåre Ness

Kasserar: Astrid D Kristiansen, på val

Styremedl: Tonje Stølsnes

Varamedl: Jarle Ådlandsvik

Nils Fredrik Nilsen, på val

Valkomite:

Skjoldvor L. Haukaas

Arne Kåstad

Bjørn Borgen

Synsprosjektet

Prosjektet er støtta av UD, og går over tre år.
Målet er å heva kompetansen til alle augelegar i
Moldova og utstyre dei resterande sjukehusa og
poliklinikkar med basis utgreiingsutstyr. Hovud-
fokuset i 2014 har vore å få god drift av senteret
og gje dei tilsette god oppfølging.

Det er gjennomført to synssemnar. Femten sjuke-
hus/poliklinikkar har fått utstyr. Det er bestilt ut-
styr til poliklinikkane som deltok på seminar i
haust. Dette utstyret vart levert i mars 2015.

Synsprosjektet har hatt stor aktivitet. Nær 800
synshemma er undersøkte ved synssenteret. Det
er levert over 200 par spesialtilpassa briller, samt
mykje anna optiske hjelpemiddel. Vi har ambu-
lant, landsdekkande teneste.

Vi arbeider aktivt for større lokale. Dette tar lang
tid, men vi har von om løysing. Behovet for meir
plass er stort. Staben består av to legar, ein sjuke-
pleiar og ein rekneskapsmedarbeidar. Dr.med. Ta-
tiana Ghidirimschi leiar drifta.

Dr. Jan Askvik var med på tur i november for å
følgja opp kollegaer og sjukehus som har motteke
medisinsk teknisk utstyr.

Vi har hatt fleire møte med helseministeren i
Moldova. Vi har også hatt møte med det norske
Helsedepartementet for å få drahjelp i forhold til
moldovske myndigheiter. Kontakten med myn-
digheitene både i Moldova og Norge er viktig for
å få det som vi gjer til å vedvara.

Vi arbeider framleis nært med det Medisinsk uni-
versitetet i Chisinau. Universitetet ønskjer å nytta
kompetansen senteret har, og vil implementera
dette inn i utdanning og etterutdanning av augel-
egar.

I løpet av året har vi gjennomført to 13 vekers kurs
i optometri for augelegar i Moldova og parallellt
med dette også arbeidd for å få i stand ei utdan-
ning innan fagfeltet optometri ved det medisinske
universitetet i Chisinau. Dette er i nært samarbeid
med Norges Optikerforbund, Brien Holden Vision
Institute (Australia), Optometry Giving Sight og
Høgskulen i Buskerud og Vestfold.

I desember sende vi søknad om midlar til å vi-
dareføra dette arbeidet. Vi ønskjer ei fullverdig
utdanning innan optometri. I tillegg ønskjer vi å
utstyra universitetsinstitusjonane med naudsynt
utstyr. Søknadsum er ca 4,4 mill.

På oppdrag av FN sitt utviklingsprogram (UNDP),
har Hjelp Moldova og Synssenteret gjennomført
eit synsprosjekt i barnehage/skule nr 44 i Tiraspol,
hovudstad i utbrytarstaten Transnistria. Vi har un-
dersøkt 165 born. 70 av desse har fått briller og
synshjelp. I tillegg har vi hatt kurs for personale i
barnehagene i Tiraspol og Chisinau.

Det har også vore eit mål å betra samarbeidet
mellom austlege og vestlege del av Moldova.
Prosjektet er finansierte av UNDP. Det har vore ut-
fordrande, og til tidar vanskeleg å forholde seg til
styresmakten i Transnistria.

Handlingsplan 2015

Medlemmer/Styret

Talet på medlemmer er ca 130. Medlemmene er viktige for organisasjonen og støttar arbeidet på ymse vis. Det er halde fem styremøte i perioden. Samarbeidet i styret er svært bra, og mykje godt arbeid er gjennomført.

Økonomi

I januar løyvde Utanriksdepartementet 1,8 millionar kroner til prosjektet for utvikling av optometri i Moldova.

Støtta frå Grieg Foundation på 300 000 kroner har vore til stor hjelp, og sikrar drifta av senteret. I tillegg har midlane frå faste gjevarar, ca 11.000 kroner pr månad, gått til synssenteret.

Os vgs, Os Gymnas, Langhaugen vgs, Fusa vgs og Bamble vgs i Telemark hadde sine årlege solidaritetsaksjonar til inntekt for Hjelp Moldova. Støtta frå skulane er på nær 400.000 kroner!

Elles har vi fått om lag 130.000 kroner frå medlemmer og andre støttespelarar som ser verdien av arbeidet vårt i Moldova. Det er i tillegg sendt fleire søknadar til ulike samarbeidspartnarar.

Aktivitetar 2014

Turar/trailarar

Sju turar til Moldova i 2014. I januar gjekk to trailarar med medisinsk og optometrisk utstyr og i tillegg hadde vi med sjukehussenger og klede.

I oktober hadde vi med to grupper frå skulane med til Moldova. Desse turane er svært viktige for samarbeidet. Her får elevar og lærarar med sjølvsyn sjå korleis innsamla midlar vert brukte. Barnehage nr. 74 har vore eit prosjekt for skulane.

NORLAM

Vi har hatt eit nært samarbeid med NORLAM (The Norwegian Mission of Rule of Law Advisers to Moldova). Dei har ansvar for å modernisera straffelovverket i Moldova. Vi har jobba i to fengsel, synsutedra 150 fangar og meir enn halvparten fekk synshjelp.

Prosjekt arbeid

Vi har avslutta samarbeidet med Ingvold Bastesen når det gjeld arbeidstiltak for funksjonshemma. Bastesen fekk andre samarbeidspartnarar frå Norge og i Moldova.

Barneheim nr. 74

Med hjelp frå dei vidaregåande skulane har vi no ferdigstilt tilbygget i barneheim nr. 74. Det er med stor glede at dette no er tatt i bruk. Offisiell opning var 12. mars.

"Mor og barn-sjukehuset"

Mor og barn-sjukehuset (Statoil-sjukehuset) er følgd opp. Litt rehabilitering er gjennomført i år. Sanitærforholda vert stadig betre, og sjukehuset er takksam for arbeidet som er gjort. Jarle Ådlandsvik har ansvar for dette.

Julegåvebrev

Også i 2014 vart det seld julebrev. Takk for godt samarbeid til Imelin Bjerring Hansen. Resultatet vart ny rekord med nær 45.000 kroner! Beløpet vert fordelt på ulike vanskelegstilte familiar.

Samarbeidspartnarar

Hjelp Moldova har mange gode støttespelarar. Utan dei ville arbeidet vårt vore vanskeleg. Vi er svært takksame for all støtta. Viktige samarbeidspartnarar for oss er Utanriksdepartementet, Grieg Foundation, Langhaugen vgs, Os vgs, Os Gymnas, Bamble vgs, Fusa vgs, Hjelpemiddelsentralane, augelegar, optikarar, Sverre W. Monsen, private gjevarar og andre.

Hjelp Moldova har via Systemtrafikk fått tilgang til lager på Osterøy og på Dale. Det er viktig for oss å ha moglegheit for mellomlagring av utstyr.

I Moldova er det Societate Filantropica Help og synssenteret som tek hand om våre interesser. Galina Gradinari, Tatiana Ghidirimischi og dei tilsette ved senteret gjer ein fantastisk innsats!

Stor takk til medlemmer og støttespelarar!

Førebels frå kassereren:

Inntekter:

Faste gjevarar:	ca 120.000
Grieg:	300.000
Julegåveaksjonen:	ca 44.000
Medlemspengar:	ca 8.000
Andre gåver:	ca 130.000
Samarbeidsskulane:	388.626

Utgifter:

Briller:	386.414
Turar:	494.000
Rekneskap:	21.000
Drift synssenteret:	329.736

Vi har eit utfordrande og spennande år framfor oss. Synsprosjektet, med fokus på synshemming og utvikling av optometri, vert hovudaktivitet i 2015. Samstundes vil vi vidareføra arbeidet med dei andre prosjekta vi driv.

Prosjekt syn.

Mange synshemma har fått hjelp, og etterspurnaden etter tenestene er stor. Vi har to augelegar, ein sjukepleiar og ein rekneskapsmedarbeidar tilsett ved senteret. Senteret skal formidla kompetanse, føreta utgreiingar og behandla synshemma. Det er heile tida trong for å supplera med synshjelpemiddel. Dette er ei stor utfordring som vi må arbeida med. Målet er at tilbod om synshjelp skal ver like godt over heile Moldova.

Å utvikla senteret i nye lokaler vil ha eit stort fokus. Å få «low vision» tenestene inn på Nasjonal helseplan er avgjerande for å få moldovske styresmakter til å ta større ansvar. Dette er eit tidkrevjande arbeid med mange ulike aktørar i Moldova.

Utvikling av fagfeltet optometri.

Optometri er viktig for primær augehelse. Det skal vera lett å få tilgang til slik teneste. Vi har som mål at ingen skal verta unødvendig blind i Moldova.

Det er til no gjennomført tre kurs for oftalmologar. Eit nytt kurs startar i september. Dette kurset har i hovudsak Medisinsk universitet i Chisinau ansvar for. Det vert nytta lokale undervisningskrefter, med oss i Hjelp Moldova som støttespelarar.

I samarbeid med Medisinsk universitet i Chisinau, Norges Optikerforbund, Høgskulen i Buskerud og Vestfold samt Brien Holden Vision Institute, Australia, vil Hjelp Moldova, arbeida for å vidareutvikla fagområdet optometri. På sikt ønskjer vi å etablara ei fullverdig utdanning på universitetsnivå. Det er søkt midlar frå Utanriksdepartementet (UD) til dette. Ei slik etablering er avhengig av midlar frå UD.

NORLAM

Vi har god kontakt med NORLAM, (The Norwegian Mission of Rule and Law Advisers to Moldova) og ønskjer å vidareutvikla samarbeidet med dei. I 2015 kjem vi til å føreta fleire utredningar av fangar i moldovske fengsel.

Dr. Jan Askvik

ønskjer også i år å reisa på oppfølgingstur til Moldova. Det er viktig at vi følger opp utstyr og kompetanse som er gitt til sjukehus og legar.

Barneheim nr. 74

Vi held fram samarbeidet med barneheim nr.74; særleg med tanke på korleis nybygget fungerer.

"Statoil sjukehuset"

Vi har framleis kontakt med sjukehuset. Jarle er ansvarleg for dette. Det er aktuelt å vurdara samarbeid med andre institusjonar, særleg kreftsjukehuset i Chisinau. Vi veit at denne institusjonen har stor trong for hjelp.

Julegåvefamiliane

Vi følgjer opp dei aktuelle familiane som fekk støtte i fjor. Hjelpa desse familiane får, har stor betydning for livssituasjonen deira.

Økonomi

Styret vil arbeida med å skaffa resursar, både i form av pengar, naudsynt utstyr og hjelpemidlar. Vi må heile tida ta vare på våre etablerte støttespelarar og arbeida for å skaffa nye samarbeidspartnarar.

Dei faste gjevarane er svært viktig for drifta. Midlane frå fadderordninga går til synssenteret slik at fleira kan få briller og synshjelpemiddel. Midlane er med på å sikra drifta og ta hand om våre tilsette ved senteret.

Hans Bjørn vil vera heiltidstilsett i organisasjonen i 2015.

*Styret i Hjelp Moldova
Os, 23. mars 2015*

Takk til gjevarar

Hjelp Moldova har motteke gåver frå privatpersonar i samband med ulike arrangement eller feiringar der dei har bede om pengar øyremerka Moldova i staden for å motta presangar. Hjarteleg takk for gåvene!